



Det kongelige kunnskapsdepartement
postboks 8119 Dep
0032 OSLO

Dykkar ref.
201005688-/jha

Vår ref.
11/106-3/ 11/1080/A30/LTA

Dato:
Manger: 07.02.2011

KULTURSKULELØFTET - KULTURSKULE FOR ALLE - HØYRING

Vi viser til dykkar brev av 12.11.2010.

Radøy formannskap handsama sak om uttale til rapporten ”Kulturskuleløftet – kulturskule for alle” i møte 3. februar 2011, sak 011/11, og vedtok samrøystes følgjande høyringsuttale frå Radøy kommune:

Innleiing

Radøy musikk- og kulturskule vart skipa i 1979. Skulen har i dag om lag 160 elevar fordelt på fagfelte musikk og kunst. Elevane er i alderen 3-19 år. Skulen har samspeltilbod til vaksne med særlege behov.

Radøy kommune har kommentarar til eit utval av framlegga/innspele i rapporten. Utvala er gjort ut frå relevans til eiga kulturskuledrift og andre sentrale punkt utvalet har drøfta.

Kulturskuletilbod til alle barn som ønskjer det – kap. 6.2 (s.89)

Utvalet legg i rapporten stor vekt på at kulturskulen skal vera eit tilbod til alle barn – uavhengig av familien si inntekt og sosiale/kulturelle kapital. Ulike tiltak for å nå målsetjinga er lagt fram i rapporten. Sentrale tiltak her er: *Spreiing på ulike alderstrinn, breidde i undervisningstilbodet, økonomiske rammevilkår, tilgjengelege tilbod for alle lag av befolkninga, samarbeid med skuleverket/SFO.*

Radøy kommune støttar utvalet si målsetjing om at kulturskulen skal vere eit tilbod til alle barn uavhengig av økonomisk, sosial-/kulturell status og bakgrunn. For å oppnå denne målsetjinga i kulturskuledrifta er det store utfordringar:

- **Maksimumspris**

Utvalet føreslår å innføre eit maksimumsbeløp på kr 2.000,- for skuleåret per elevplass. Radøy kommune støttar forslaget om eit maksimumsbeløp, men kr 2000 synest i minste laget for eit heilt år. Det er viktig at innføring av maksimumspris ikkje fører til at færre elevar får tilbod. Kulturskulane må kvalitetssikrast på landsbasis gjennom føreseieleg økonomi, drift, innhald og tilgjenge for alle interesserte til ein rimeleg pris.

- **Kulturskulen si undervisningstid – kap. 5.2 – siste avsnitt**

For både elevar og kulturskulelærarar er det ei utfordring å finne gode løysingar for undervisningstid. Dette viser vår erfaring i Radøy kommune, ein liten kommune der mange av elevane er avhengig av skulebuss. For elevane vert det ofte lange ettermiddagar der dei ventar

på undervisninga si på 20 eller 30 min på instrumentet eller anna tilbod. For dei yngste som går i SFO, er det høve til å nytte SFO-tida til undervisning i kulturskulen, men for dei andre elevane vert det venting i gangane ved skulen både før og etter timen då mange er avhengig av buss eller henting for å komme seg heim. Undervisning på dagtid vil også kunne gi mange av borna ein betre time då dei ikkje er så trøytt etter lang skuledag og venting. Vi trur også det kan betre samarbeidet mellom skule og kulturskule, om elevane og om kunstfaga. Kanskje alle kan dra nytte av kvarandre. Kulturskulelæraren vil og få ein meir overkommeleg arbeids-situasjon og kulturskulelæraren slepp å ha arbeidsplassen sin som "leigetakar" av skulen.

Radøy kommune støttar ut frå dette intensjonen i framlegget om om "*at det må bli enklere å bruke tiden elevene er tilstede på skolen på dagtid til å få sin kulturskuleundervisning.*" Utfordringa blir å organisera dette på ein måte som gjer at det ikkje skapar "uro" kring undervisningssituasjonen i andre fag (ut og inn av timar) og ikkje svekkar læringa i hovudfaga. Det må heller ikkje føra til at skuletida for elevane vert utvida. Vi ser det elles som naturleg og viktig med ei best mogleg utnytting av SFO-tida for dei yngste elevane i kulturskulen.

- **Talentutvikling – kap. 6.6 (s. 95)**

Det er viktig at kulturskulen får drive både breidde-/talentopplæring, gruppeundervisning og individuell undervisning. Radøy kommune er glad for at utvalet har tatt med talentutvikling i planen. Vi ser det som særskilt viktig at eleven kan få opplæring og oppfølging i eigen kommune frå dei er unge og seinare i samarbeid med utdanningsinstitusjonane. Fleire av våre elevar deltek på talentprogrammet til Griegakademiet og vi ser kor viktig det er frå tidleg av å gi eit godt tilbod til dei elevane som ønskjer det. Økonomisk vil eit talentprogram koste meir og her ville det vore ønskjeleg at kommunane kunne søkje midlar til tiltak – her kanskje under utviklingsmidlar.

Kulturskulen som kommunalt ressurscenter – kap. 3.6 (s.43)

I 1997 vart det lovfesta at *alle kommunar aleine eller i samarbeid med andre kommunar skal ha eit musikk- og kulturskoletilbod til barn og unge*. Dette medførte i mange kommunar ei utvikling frå reine musikkskular til skule også for anna kulturliv. Utvalet byggjer vidare på målsetjinga om at kulturskulen skal vera eit ressurscenter for resten av kommunen. Kulturskulen skal oppretthalde tradisjonell undervisning, men samstundes fungere som eit lokalt ressurscenter for kunst og kultur i lokalsamfunnet. Radøy kommune meiner dette er eit godt mål på landsplan.

Men samstundes ser Radøy kommune at det er ei svært krevjande og ambisiøs målsetjing at alle kommunane skal verta eit ressurscenter for kommunen. Dei små kommunane, som Radøy, har små einingar og ein rektor med 40 - 50 % administrasjon og er aleine om den daglege drifta. Kulturskulelærarane har deltidsstillingar og mange har kulturskulen som sin andre arbeidsplass. Dette vart slik då reine musikkskular skulle utvikle nye tilbod innafor den nye kulturskulen. Dermed kan skulane no tilby fleire tilbod og då treng ein ulik kompetanse. Resultat for fleire er no fleire fagområde, fleire i små lærarstillingar, men ikkje nødvendigvis fleire timar.

Radøy kommune meiner vi må vere på vakt og ikkje presse alle kommunar inn i eit ressurscenter omgrep, men gi kommunar som treng god tid, tid til å utvikle sin skule til ein god kulturskule i kommunen sin. Då trur vi og at eit ressurscenter kunst og kultur kjem naturleg på bana når skulen er klar for det.

Kombinerte stillingar, kulturskule/grunnskule – kap. 5.4 (s. 77)

Utvalet ønskjer at det vert lagt betre til rette for kombinerte stillingar i kulturskulen i samarbeid med skuleverket. Radøy kommune ser dette som eit viktig grep for å kunne få

større stillingar og kvalifisert personale til kulturskule OG grunnskule herunder SFO. Men ein må då sjå på ulike samarbeidsmåtar då ein kulturskulelærer ikkje nødvendigvis er ein klasse- lærar, slik vi kjenner han frå grunnskulen. Her må det leggjast til rette for prosjekt og andre undervisningsløysingar i grunnskulen og i SFO, slik at kulturskulelæraren sin kompetanse vert best mogleg nytta for elevane. I små kommunar vil dette vere ekstra viktig då kommunane kan ha lågare fleksibilitet i kompetanse p.g.a. få kulturskulelærarar innafor kvar kunst/kulturart.

Økonomi

Utvalet peikar på at allereie avsette stimuleringsmidlar i statsbudsjettet 2010 må ”ses på som en start på en større opptrappingsplan.” Utvalet drøftar i tillegg to alternative tilskotsordningar til kommunane:

1. Utviklingsmidlar til kulturskulen (midlar tildelt etter søknad)
2. Stimuleringsmidlar til kulturskulen

Radøy kommune støttar i hovudsak utvalet si tilskotsordning 2 (stimuleringsmidlar til kulturskulen). Ordninga er basert på at kommunen opprettheld eigen ressursbruk på same nivå. Kommunar som reduserar eige bidrag, vil ikkje kunne få tilskot.

Ordning med utviklingsmidlar kan vera positivt for nytenking og utviklingsarbeid, (som t.d. talentutvikling – spesielle avgrensa prosjekt med SFO/skule, lag eller organisasjonar, men forsøksordningar har ofte ein tendens til å forsvinne etter endt tilskotsperiode. Det vert i tillegg lagt ned mykje administrasjonstid i søknads- og rapporteringsarbeid.

Radøy kommune meiner ei kvalitetssikra og likeverdig utvikling av kulturskulen ikkje kan basere seg på ei ordning med utviklingsmidlar.

- **Ventelister – 6.1. (s. 89)**

Altfor mange elevar i dag står utan kulturskuletilbod og kommunane må få tilført nok midlar slik at dei har høve til gi tilbod til fleire.

Forskrifter

Utvalet føreslår å utarbeide nasjonale forskrifter for kulturskulen. Intensjon er å gje føring/ retning for innhald, kvalitet og volum for kulturskuledrifta.

Radøy kommune støtter kulturskuleutvalet sitt framlegg om at kulturskulane skal ha eigne forskrifter. Vi meiner det er viktig at desse forskriftene i tillegg til høyring i kommunane, også kjem ut til høyring/handsaming i kulturskulane gjennom ordinære årsmøte i fylkeslaga.

Med helsing

Christian Fotland
Rådmann

Leif Taule
ass. rådmann